

Arne W. Aasland
Sunde, 6819 FØRDE

Til NVE – konsesjonsavd. v/Ingrid Haug

HØYRINGSFRÅSEGN til Sunnfjord energi sin søknad om utbygging i Jølstra.

Reg. nr. 5885, saksnr. 200904486

Som bebuar ved vassdraget og medlem i Huldefossen grunneigarlag (leiar under utbygginga av Brulandsfossen 1986-88) har eg ein merknad til planane til SE for dei nedre delane av utbyggingsområdet.

KULTURSTI OG VASSFØRING STAKALDEFOSSEN

For SE er utgangspunktet for prosjektet den ubrukta krafta i Stakaldefossen og falla vidare mot Movatnet. Gamle Stakaldefossen tar berre ta 28 kubikk av vassføringa i denne fossen, som naturleg går med 25 -70 kubikk om sommaren. Stakaldefossen har etter reguleringa i 1952 framleis vore ein levande foss i sommarhalvåret, men kanskje lite sett og brukt (litt pga. dam og kraftverk).

Etter den omsøkte utbygginga vil ny stasjon (inntak Tongahølen) og gamle stasjon sluke inntil 83 kubikk av vassføringa. Stakaldefossen vil bli liggande tørr med unntak for flaumperiodar, stort sett om hausten eller på tidleg sommar ved stor snøsmelting. Verken konsesjonssøknaden eller foldaren til husstandane i området opplyser om minstevassføring her. Dei 12 kubikk minstevassføring i Jølstra (+ nokre innkommande småelvar, kanskje 1-3 kubikk) vil gå til produksjon i Stakaldefossen, som no er renovert.

På grunn av lang foss og lang utløpskanal frå Stakaldefossen stasjon (senka undervatn 1954) vil kring 500 meter elveløp bli liggande tørr ved ei slik utbygging. Fosseløpet vil truleg gro mykje til. Ei så total utbygging verkar lite tilpassa vår tids tenking kring naturomsyn. SE kan formelt skyte seg inn under at «fossen er alt regulert».

SE presenterer ein kultursti langs fossen som eit avbøtande tiltak. Den skal vise vassbruk gjennom generasjonar. På førespurnad seier dei tanken er å gi fossen litt vatn «ved behov». I kultursti-prosjektet vil dei samarbeide med kulturetaten i fylkeskommunen. Ideen om ein kultursti kan eg, som lokalhistorikar, seie er prisverdig. Sunnfjord har lite att av gamle vassbruksmiljø, med sager, kverner, eldre kraftverk. Fosseområdet er flott når ein kjem inn i det. Og ein sti trengst i høgste grad for å sjå området. Men utan ein klår føresetnad om vatn i fossen – kanskje ørlite kanalisert for å samle vassløpet – blir kulturstien meiningslaus, og framstår som eit kjøp av politisk goodwill.

Sidan SE her søker om konsesjon for større delar av Jølstra enn dei har gammal konsesjon for, bør NVE kunne stille motkrav om ei lita sommarvassføring i Stakaldefossen. Og kanskje ei obligatorisk «spyling» av løpet kvart år. Eg ser også dette i lys av at SE ved førre store utbygging i elva la 150 meter Brulandsfoss tørr (inntil 77 kubikk) rett over ein vakker laksehøl. Også det skjedde på gamle fallrettar. I alt 650 meter tørr foss, ein i kvar ende av Movatnet, blir ei merkeleg hardhendt handsaming av dei mest markante naturelementa i Jølstra.

Stakaldefossen ligg no i eit slags ingemannsland mellom Førde og Jølster. Ingen opinion, eller raftarar og fiskarar, står klar til å forsvare den. Men det handlar i prinsippet om eit stykke viktig natur, og i tillegg om synleg vatn i eit gammalt vassbruksmiljø. Den lange, trinnforma fossen er ein viktig del av elvestrengen Jølstra.

Mvh Arne W. Aasland